



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Prop. 63 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Rettferdsvederlag frå statskassa (Einskildsaker der utbetalt vederlag går ut over Rettferdsvederlagsutvalet si fullmakt)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 18. desember 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Stortinget si rettferdsvederlagsordning

Stortinget si rettferdsvederlagsordning er Stortinget si eiga vederlagsordning, der einskildpersoner som har kome særleg uheldig ut, kan søkje om ein skjønnsmessig kompensasjon. Ordninga er basert på sedvane og er ikkje nærmare regulert i formelle reglar. I St.prp. nr. 65 (2006-2007) Rettferdsvederlag frå statskassa (Om Stortinget si rettferdsvederlagsordning, arbeidet i rettferdsvederlagsutvala m.m.) blei det gitt ein nærmare omtale av heile ordninga.

Stortinget sine rettferdsvederlagsutval gjer vedtak i saker om rettferdsvederlag. I saker der det er aktuelt å tilkjenne ein kompensasjon på over kr 200 000, eller over kr 300 000 i saker etter St.meld. nr. 24 (2004-2005), er det Stortinget sjølv som gjer vedtak.

I proposisjonen her blir det lagt fram for Stortinget to saker der det er aktuelt å tilkjenne rettferdsvederlag som overstig beløpsgrensane.

2 Einskildsaker der utbetalt vederlag går utover Rettferdsvederlagsutvalet si fullmakt

Rettferdsvederlagsutval I har i to saker tilrådd rettferdsvederlag utover det dei har fullmakt til å gi. Sak 1 blei behandla etter alminneleg rettferdsvederlagsordning. Utvalet har her tilrådd rettferdsvederlag utover kr 200 000. Sak 2 blei behandla etter den utvida ordninga etter St.meld. nr. 24 (2004-2005). Utvalet har her tilrådd rettferdsvederlag utover kr 300 000. Sakene vert derfor lagde fram for Stortinget til avgjerd.

Sak 1

Søkjar A, fødd 1959, har i dag psykiske problem og psykosomatiske plager, og har store problem med å fungere i skolesamanheng, arbeidsliv og i sosiale relasjonar. Ho voks opp i ein heim prega av manglande omsorgsevne frå foreldra og faren sitt alkoholproblem og valdelege veremåte. Søkjaren sitt heimemiljø var for lite strukturert til å gi henne tilstrekkeleg støtte i arbeidet med å løyse skolevanskar og anna utvikling. Søkjar hadde eit svært høgt fråvær frå skolen, utan at tiltak blei sett i verk, og retten hennar til tilpassa opplæring blei ikkje ivarettatt av skolen. Ho blei plassert bort til venner av

mora då ho var 11 år, utan at det blei fatta formelle vedtak. Fosterheimsopphaldet enda med at søkjar blei lagd inn på sjukehus som følgje av ein overdose med tablettar. Etter eit opphald på eit sjukehus for epileptikarar, blei det konkludert med at søkjar hadde behov for psykoterapi og eit miljøskifte. Barnevernet følgde ikkje oppmodinga frå sjukehuset. Far blei seinare fengsla for seksuelle overgrep mot to av syskena til søkjar.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har tilrådd å gi retttferdsvederlag med kr 50 000 for manglande inngrep i heimen frå barnevernet. Utdanningsdirektoratet har tilrådd å gi retttferdsvederlag med kr 100 000 for manglande oppfølging frå skolen, i tillegg til manglande og mangelfull opplæring.

Søkjar blei i tillegg utsett for seksuelle overgrep frå sin farfar og onkel frå ho var 8 til 12 år gammal, i form av beføling med og utan klede, og bløtting av kjønnsorgan. Som følgje av overgrepa har søkjar nattlege mareritt og daglege «flashbacks», og har fått diagnosen posttraumatisk stressyndrom. Statens sivilrettsforvaltning har tilrådd å gi retttferdsvederlag med kr 80 000 for seksuelle overgrep.

Utvalet er samd med førebuande instansar, og finn etter ei samla vurdering å tilrå at søkjar blir gitt kr 230 000 i retttferdsvederlag. Dette kjem over beløpsgrensa på kr 200 000 som utvalet har fullmakt til sjølv å avgjere.

Retttferdsvederlagsutvalet tilrår på denne bakgrunn at søkjar A, fødd 1959, får retttferdsvederlag frå statskassa med kr 230 000.

Sak 2

Søkjar B, fødd 1953, budde på x barneheim frå 1955 til 1956. Under opphaldet blei søkjar utsett for omsorgssvikt og fleire fysiske overgrep, til dømes slag og innestenging i mørkerom. I 1956 blei søkjar

urettmessig ført tilbake til heimen. Mora til søkjar var alkoholikar, og hadde ein hjerneskaade. Skolepsykologisk kontor råda barnevernet til å plassere søkjar i fosterheim med tanke på seinare adopsjon. I tillegg blei heimen til søkjar vurdert som heilt utilfredsstillande av ein advokat. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet tilrådde å gi søkjar retttferdsvederlag med kr 150 000 for opphaldet på barneheim og retttferdsvederlag med kr 100 000 for urettmessig tilbakeføring i heimen. Utvalet var samd i faginstansen si vurdering og konklusjon, og søkjar blei i vedtak frå mars 2009 gitt retttferdsvederlag med kr 250 000.

Søkjar B blei i tillegg utsett for seksuelle overgrep frå ein vaksen mann frå ho var 11 år til 14 år. Dette forholdet blei ikkje vurdert ved den tidlegare behandlinga av saka. Søkjar har fått psykiske plager som følgje av overgrepa, og har i lang tid fått behandling hos psykolog.

Utvalet finn etter ei samla vurdering å tilrå at søkjar blir gitt ytterlegare kr 80 000 i retttferdsvederlag, slik at søkjer til saman får kr 330 000 i retttferdsvederlag. Dette kjem over beløpsgrensa på kr 300 000 som utvalet har fullmakt til sjølv å avgjere.

Retttferdsvederlagsutvalet tilrår på denne bakgrunn at søkjar B, fødd 1953, får ytterlegare retttferdsvederlag frå statskassa med til saman kr 80 000.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om retttferdsvederlag frå statskassa (Einskildsaker der utbetalt vederlag går ut over Retttferdsvederlagsutvalet si fullmakt).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om retttferdsvederlag frå statskassa (Einskildsaker der utbetalt vederlag går ut over Retttferdsvederlagsutvalet si fullmakt) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om rettferdsvederlag frå statskassa (Einskildsaker der
utbetalt vederlag går ut over Rettferdsvederlagsutvalet si
fullmakt)**

Stortinget gir sitt samtykke til at desse søkjarane får rettferdsvederlag frå statskassa:

I

Søkjar A, fødd 1959, får rettferdsvederlag frå statskassa med kr 230 000.

Søkjar B, fødd 1953, får ytterlegare rettferdsvederlag frå statskassa med kr 80 000

=====

